

Til NVE

Under følger høyringsuttale frå Sognefjorden kystpark til NVE sitt arbeid med nasjonal plan for vindkraft. Eit heilt unikt geologisk kart teikna i år 1822, som eit av verdas første, følgjer med uttalen.

Vi ber innstendig om at vårt innspel vert lese og omsyntt i det vidare arbeide med planen.

Høyringsuttale:

SKP skal bygge si drift på å skape ei miljømessig-, sosial- og økonomisk berekraftig utvikling for vår region. Noreg har skrevet under på den Europeiske landskapskonvensjonen, som er heilt sentral i Norske parkar sitt verdigrunnlag. Dette må også ein nasjonal rammeplan bygge på. Dette synest ikkje vera tatt nok omsyn til i det planlagde område for vindindustri i HAFS. Sognefjorden Kystpark meiner at arbeidet med Nasjonal ramme for vindkraft i for liten grad er basert på kunnskap, medverking og forankring lokalt og regionalt.

Vidare må rammeplanen også vurderast opp mot FN sine andre berekraftsmål, ikkje berre klima.

Sognefjorden Kystpark er for tida i ein prosess der vi jobbar mot å bli ein UNESCO global geopark. Ein slik status og merkevare vil medføre auka verdiskaping innanfor reiseliv i heile regionen vår. Kyst- og fjordlandskapa i Noreg har gjentekne gonger vore kåra blant verdas vakraste landskap, og menneskjer kjem frå andre delar av verda for å oppleve naturarven vår. Ut i frå Sognefjorden Kystpark sitt verdigrunnlag og våre statuttar forvaltar vi desse verdiane også for framtidige generasjoner. Industrionråde med vindmøller vil gjere uoprettelige inngrep i landskapet og naturen vår, som kan føre til at Sognefjorden Kystpark / Unesco Global geopark mister eller ikkje oppnår å få Unesco-status på parken.

Vi ber derfor om ein pause i konsesjonshandsaminga av vindkraft, inntil alle prosjekt som no blir bygd er blitt grundig evaluert av nøytrale , uavhengige instansar.

Hardbakke 29. september 2019


- sign -

Styret og dagleg leiing:

Trude Johansen Søylen
Franziska Rüttiman
Håvard Mongstad
Marita Solheim
Arne Osland
Anne Kristine Dyrdal
Gry Buer
Ole Andre Klausen
David Gåsvær

Vedlegg: Geologisk kart m/kommentar

Vi har ein heilt unik geologi i verdenssammenheng. Her møter gamle Europa og gamle Amerika kvarandre – her er restane etter ei av dei største fjellkjedene som nokonsinne har eksistert!
Og ikkje minst er eit av verdas første, moderne geologiske kart teikna i nettopp vår region



Teikna av den tyske geologen Naumann i 1822

Hardbakke 29. september 2019
 Sognefjorden kystpark
 styret